



Rutinar - Overgang

# Barnehage - Skule



## FORORD

Rådmannen vil med dette få takka deltakarane i arbeidsgruppa og prosjektgruppa Tidleg Innsats for det arbeidet dei har lagt ned for å få ein god overgang mellom barnehage og skule. Dei tiltaka som er skildra i dokumentet vil, uavhengig av kva for skule dei skal begynna på, gje eit godt grunnlag for alle elevar som startar sin skulegang i Lindås kommune.

Rutinane vert gjort gjeldande frå 1.1.2010

LUKKE TIL MED ARBEIDET

Knarvik, den 9. desember 2009

Øistein Søvik

---

rådmann

## Planprosess

Hausten 2008 oppretta Tidleg innsats ei gruppe for å utarbeida rutinar for overgang barnehage – skule. Gruppa skulle ta utgangspunkt i veileder frå Kunnskapsdepartementet: Fra eldst til yngst.

Gruppa har hatt desse medlemene:

Sissel Hindenes	einingsleiar Haugen, Ostereidet og Kolås bhg
Bente Haveland	ped.leiar i Juvikstølen barnehage
Ove Sæbø	Leiknes barnehage, kunne ikkje møte
Kathrine Hopland	lærarar ved Leiknes skule
Kato Risøy	inspektør ved Lindås barneskule

Sissel Hindenes har vore leiar for gruppa.

Gruppa la våren 09 fram eit utkast som vart drøfta på halvårsmøte for leiarar i barnehage og skule i juni. Etter dette møtet har Sissel Hindenes og Einar Fanebust redigert dokumentet med grunnlag i innspel frå halvårsmøtet. Det redigerte dokumentet vart sendt ut på høyring til alle skular og barnehagar i sept. med høyringsfrist 20. oktober.

Det kom 3 høyringsinnspel. Desse er det teke omsyn til i den endelege utforminga.

## INNLEIING

Kunnskapsdepartementet sende i juni 08, ut ei veiledaren - Frå eldst til yngst. Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule.

I veiledaren er det fylgjande tilråding:

- *Barnehagetiden avsluttes på en god måte og skolen og skolefritidsordningen forbereder seg på å ta imot barnet.*
- *Barnet blir kjent med skolen i god tid før første skoledag.*
- *Det er sammenheng og progresjon i læringsinnholdet i barnehage og skole.*
- *Foreldre godkjenner informasjonsoverføring fra barnehage til skole og har muligheter*
- *for aktiv medvirkning i denne.*
- *Lærere i barnehage og skole har felles møteplasser for forventningsavklaringer,*
- *kompetanseutvikling og felles planlegging.*
- *Kommunen initierer, planlegger, kontrollerer og følger opp samarbeidstiltak gjennom overordnede planer. Planene bør inkludere både kommunale og private barnehager og skoler.*
- *Barnehage- og skoleeier har det overordnede ansvaret for å legge til rette for samarbeid.*

Hovudmålet med denne planen, er å sikra god kontakt mellom barnehage og skule, slik at overgangen blir best mogleg for barna.

## Livslang læring

I Rammeplan for barnehagar og i Kunnskapsløftet vert det lagt vekt på omgrepet Livslang læring. Livslang læring er viktig i dagens kunnskapssamfunn. Barnehagen blir å rekna som ein del av utdanningssystemet, og må sjåast i samanheng med den vidare utdanninga i skulesystemet. Både læreplan og rammeplan understrekar at det skal vere eit tett og aktivt samarbeid mellom skule og barnehage til beste for barnet.

## Tverrfagleg samarbeid

Samarbeid om overgangar har ein førebyggjande effekt. Alle overgangar i livet kan i seg sjølv vere kritiske. I den grad det er mogleg må eit samarbeid i ulike overgangsfasar og ha som mål å hindra negativ utvikling, og fanga opp forhold som kan vera risikofylte.

Foreldre er svært opptatt av korleis barnet vert mottatt, anten det er første dag i barnehagen eller første skuledag. Det er viktig at vi ser kva som er viktig i barnehage og skule, og ivareta den einskilde institusjonen sin eigenart.

Barnehagen må ikkje bli skule, og skulen skal ikkje bli barnehage.

## **Barn med særskilde behov**

Det er utarbeide gode system og verktøy for overgang frå barnehage til skule når det gjeld barn med særskilde behov. I ein del tilfelle vert prosessar og tilrettelegging grundig og omfattande. Denne planen gjeld likevel òg for barn med særskilde behov.

### **Desse føringane gjeld for overgangsarbeidet:**

- Ansvar for det praktiske samarbeidet i samband med overgangane er forankra hos leiinga, for så å bli delegert.
- Mottakar av barnet har ansvar for å ta initiativ og iverksetje tiltak.
- Det er innhenta samtykkje frå føresette om overføring av informasjon ved alle overgangar.
- Foreldra, så langt råd er, er med på informasjons – og overføringsmøta.
- Informasjonen som er gitt, er relevant og til barnet sitt beste.
- Evaluering av overgangsarbeidet er ein del av etaten sitt kvalitetsystem.

## FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

### Intensjon:

- Å sikre best mogleg heilskap og samanheng mellom barnehage og skule/ SFO
- Å sikra ein trygg og god skulestart, og event. skulefritidstilbod, til beste for barnet
- Å overføre informasjon til beste for barnet, i samspell med, og etter løyve frå foreldre

Tidspunkt	Tiltak	Deltakarar	Ansvar
September	Kartleggje kor mange barn frå ulike bhg som skal ta til på dei ulike skulane, sende oversikt til den enkelte skule.		Styrrar
	Registrera barn som ikkje går i barnehage, senda oversyn til skulane		Skuleeigar
Oktober	<b>Konferanse</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- fora for informasjon om og forventningar til skule/ bhg</li> <li>- info om særtrekk for barnehage og skule</li> <li>- læring og læringsplanar i barnehage og skule</li> </ul>	<b>Leiarar i skule og barnehage</b> <b>Pedagogar</b>	Skuleeigar
Oktober	Dokumentoverføring frå bhg til skule om barn med særskilde behov (spes.ped.perm)		Styrrar
Februar	Samordningsmøte for barn med særskilde behov (spes.ped.perm)	Barnehage, skule, PPT, evt. andre hjelpetenester	Rektor
Februar	<b>Innskriving</b> <u>Registrering av opplysningar, spørjeskjema</u> personaldata, matintoleranse, allergiar, ADL, ferdighet, medisinar, venstre/høgrehendt, bm/nyn, søsken, skyss, fargar, bokstavar, tal, SFO	Rektor, elev, foreldre	Rektor

	<p><u>Opplysningar til foreldra</u> Info om personalet, fysiske tilhøve, grupper, forventningar til foreldra, rådsorgan.</p> <p><u>Korleis</u> Møte m/foreldra einskildvis eller i gruppe + skriftleg info.</p>		
<b>Innan 15. mai</b>	<p><b>Barnehagen får besøk av ein lærar som fortel om skulen, gjerne i lag med nokre elevar.</b> Møte m/førskulegruppa Læringsøkt m/gruppa Objektiv info om skulen <i>Skuleigar lagar plan for kva for barnehagar skulane skal gå til.</i></p>	<b>Lærar og evt. elevar</b>	<b>Rektor</b>
<b>Innan 15. mai</b>	<p><b>Skriftleg dokumentoverføring frå bhg/ skule</b> Samtykkeskjema, Tras Info om motorisk, språkleg og sosial utvikling, interesser, fobier</p>		<b>Styrrar</b>
<b>Innan 15. mai</b>	<p><b>Barnehagen besøker SFO der dei fleste barna skal gå, uformelle besøk</b></p>		<b>Styrrar</b>
<b>Innan 15. juni</b>	<p><b>Førskule / SFO, 2 dagar</b> Borna møter faddrane La borna møta noko ”skulsk” Verta kjend med lærar, ass. spes.pedagog. Verta kjend på huset, toalett, uteområde, buss-stopp Lekser, skulearbeid Matøkt, friminutt 1. dag m/foreldre, 2. dag u/foreldre(så langt det høver) med ei planlagt økt i SFO.</p>	<b>Personalet i skulen og SFO som skal ha elevane til hausten. Faddrar</b>	<b>Rektor</b>
<b>Før oppstart SFO</b>	<p><b>Plan for oppstart SFO- 3 første dagar for 6-åringane</b></p> <p>SFO skal ha ein spesifikk plan for dei 3 fyrste dagane med fokus på dei nye elevane.</p>		<b>Rektor/SFO-leiar</b>

## OVERGANG FOR BARN MED SÆRSKILDE BEHOV

### Intensjon:

- Sikre best mogleg heilskap og samanheng i den tilpassa opplæringa ved alle overgangar.
- Sikra tverrfagleg samarbeid
- Når det opprettes ansvarsgruppemøte, har ansvarsgruppa ansvaret for i sikra overgangen.

Tidspunkt	Kva skal gjerast	Ansvar
Sept./okt.	<b>Barnehagen tek opp i møte med føresette:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trongen for melding til skulen om barnet sine behov</li> <li>- Får skriftleg samtykke til melding m/vedlagt IOP, halvårsrapport og ev. annan dokumentasjon</li> <li>- Plan for andre overgangstiltak</li> </ul>	Styrrar/ Ped.leiar
oktober	<b>Barnehagen sender melding med vedlegg til skulen</b> Kopi av meldinga til kommunen	Styrrar
nov./des.	<b>Planleggingsmøte mellom skulen, føresette, barnehagen og PPT, der følgjande blir avklara:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- føresetnader, mål, organisering og ressursbehov i høve til aktuelle tiltak</li> <li>- behov for kompetanse på skulen</li> <li>- behov for sakkunnig vurdering</li> <li>- naudsynt dokumentasjon</li> <li>- plan for overgangstiltak(hospitering/førskuledg.SFO/etc)</li> <li>- referat frå møte til partane og kommunen</li> </ul> foreldra får tilbod om rådgjeving	Rektor/skulen
seinast 15. des	<b>Halvårsrapport til føresette,PPT, kommune, skule</b>	Styrrar/spes.ped
Jan/feb	<b>Innskriving på skulen i løpet av januar</b>	Føresette/ rektor
I løpet av februar	<b>Framlegg til tiltak i skulen i samarbeid med føresette og barnehagen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kopi vert å senda PPT som grunnlag for utarbeiding av sakkunnig vurdering</li> </ul>	Rektor/skulen
April	<b>Sakkunnig vurdering til skulen og føresette</b>	PPT
April /mai	<b>Søknad om spesialundervisning</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I samråd med skulen skriv føresette søknad om spesial-undervisning etter §5.1 i Opplæringslova</li> </ul>	Føresette/ skulen

innan 15. mai	<b>Halvårsrapport frå barnehagen til føresette, skulen, kommunen og PPT</b>	Styrar/ spes.ped
mai/juni	<b>Overføringsmøte mellom skulen, føresette og barne- hagen.</b> Utarbeiding av framlegg til IOP på grunnlag av halvårsrapport	Rektor/skulen
juni	<b>Mappa til barnet vert tømd, sendt til skulen/kommunen</b>	Styrar